

# INNKALLING

**Utval:** Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Kommunetunet, møterom 126  
**Møtedato:** 16.10.2017 **Tid:** kl.12:00

**Forfall eller inhabilitet:**

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00. Administrasjonen kallar inn varamedlem. Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Innkalling med saksliste og sakspapir er gjort tilgjengeleg på heimesida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no).

Eikelandsosen, 11.10.2017

---

Eirin Bergheim  
Leiar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
061/2017	Fellesmøte 16.10.2017 med Os eldreråd og fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	061/2017	16.10.2017

**Fellesmøte 16.10.2017 med Os eldreråd og fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til handsaming i fellesmøta.

**Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:

Senior- og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

**Faktiske opplysningar:**

**Innkalling til fellesmøte mellom Fusa sitt råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne (senior- og funksjonsrådet) og Os sine råd**

**Måndag 16. oktober 2017**

**Kommunetunet – Møterom 126, Eikelandsosen**

**12.00-14.00 Møte med Os eldreråd  
(startar med mat i byrjinga av møtet)**

**1415-1615 Møte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

## **(lett servering)**

**I 2020 blir Fusa og Os ein ny kommune –Bjørnafjorden kommune.**

### **Sakliste til begge møta:**

1.  
Godkjenning av innkalling og sakliste
2.  
Val av møteiar
3.  
Presentasjon av råda, sjå (vedlagde retningslinjer/vedtekter for Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne) og [Fusa sine vedtekter retningslinjer for råd for seniorar- og menneske med nedsett funksjonsevne](#), og presentasjon av deltakarar.
- 4 .  
Orientering om prosessane rundt etablering av den nye kommunen, og råda si rolle i dette ved ordføraren i Fusa  
Korleis er prosjektorganiseringa?  
Korleis vil råda bli involvert i prosessen? Kor og korleis vil vi bli påkobla?  
Meir info om kommunesamanslåinga vår her:  
[Lenkje til nettstaden til Bjørnafjorden kommune.](#)  
Under dokument fins sakliste, referat og mykje anna relevant informasjon.  
  
Frå rådmannen i Fusa har vi motteke følgjande informasjon:  
Råda si rolle i det vidare arbeidet blir på same måten som for dei andre politiske utvala i kommunane. Fellesnemnda rapporterer til sine respektive kommunestyre , her under råd og utval som skal ha denne informasjonen. Det er fellesnemnda som styrer dette, kortid ein ber om innspel i den vidare sakshandsaminga. Ein er no heilt i starten av nemnda sitt arbeid. Dei har hatt sitt første arbeidsmøte 021017.
5.  
Kva er dei største likskapane mellom Os og Fusa?
- 6 .  
Kva er dei største skilnadane mellom Os og Fusa?
7.  
Korleis kan vi best utnytte tida fram til vi vert Bjørnafjorden kommune?  
  
Korleis skal råda våre samarbeide mot samanslåinga?  
  
Viktig å byggja noko enda betre enn det vi har no.  
  
Kva er viktig å tenkje på?  
  
Tenester i ny felles kommune.  
  
Korleis forankra mål ?

Korleis involvera målgrupper?  
Korleis prioritera? Kommunale tilbod. Samarbeid med frivillige.

Kva med å utarbeida ein handlingsplan?

Sjå informasjon og bakgrunnsstoff i lenkjer frå regjeringa

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrateilederen/kommunen-og-innbyggerne/eldrerad-og-rad-for-personer-med-nedsatt-funksjonsevne/id2425376/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrateilederen/kommunen-og-innbyggerne/brukermedvirkning-og-kommunesammenslaing/id2425534/>

Meir info via lenkjer til KS og regjeringa sine nettstader om kommunereforma :

<http://www.ks.no/fagomrader/samfunn-og-demokrati/kommunereformen/ks-tilbud-til-kommunene/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>

Meir info om kommunesamanslåinga vår her:  
[Lenkje til nettstaden til Bjørnafjorden kommune.](#)

**Vedlegg:**

OS SITT REGLEMENT FOR RÅD FOR MENNESKE MED 1364022 11.10.2017  
NEDSETT FUNKSJONSEVNE (L)(117943)

Råd for menneske m/nedsett funksjonsevne  
v/Harald Norheim  
Kuhnlevegen 103

5200 OS

OS, 16.02.2009

L.nr. 2966/09	Saknr. 08/2697	Arkivkode 033//&00	Eining/Sabh TEN/GSH	Dykkar ref.
------------------	-------------------	-----------------------	------------------------	-------------

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGLEMENT FOR RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Os kommunestyre behandla i møte 10.02.2009 sak 8/09. Følgjande vedtak vart gjort:

Kommunestyret vedtek fylgjande reglement for råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og budsjett
- Gi fråsegn til kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- Gi fråsegn til saker som kommunale organ legg fram for rådet
- Fråsegner frå rådet må gjevast i rett tid, knytt til ordinær høyring av aktuell sak, slik at framdrifta i plansaker ikkje vert forseinka
- Ta del i arbeid med planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, som gjeld for kommunal verksemd
- Ta del i planprosessar vedkomande kommunale bygg (nybygg og ombygging)
- Rådet kan på eige initiativ ta opp saker
- Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar
- Rådet skal kvart år leggja fram for kommunestyret melding om verksemda si, jfr. lova § 8 jfr. § 7.

Funksjonstida for rådet er 4 år og fylgjer kommunestyreperioden.

Rådet for funksjonshemma i Os var namnet på rådet fram til tingseta 16. 10.2007. Nytt framlegg til namn er Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Os.

Rådet er eit samansett utval. Det tyder at det ikkje berre er politikarar som er medlemmar.

For valperioden 2007-2011 gjekk kommunestyret inn for at rådet skal bestå av 7 rådsmedlemmer der 2 er politikarar (1 frå posisjon og 1 frå opposisjon), 1 frå administrasjonen og 4 frå interesseorganisasjonane. Leiar og nestleiar vert valde av kommunestyret. Dei har personlege varamedlemmer.

Vedtaket kan påklagast.

Med helsing

Gunvor S. Heggland  
Konsulent

Kopi til:  
Kommunaldirektør Beate Moberg, her,

Informasjon:

”Kundeombodet i Os kommune kan gje informasjon om rettar og ulike kommunale tenester. Kundeombodet kan og gje råd, rettleia og yta praktisk hjelp når det gjeld søknad på tenester og ved evt. klage på vedtak/behandling. Kundeombodet er Arne Skogedal, tlf. 56 57 51 20, mobil: 91 67 29 13, e-post: arne.skogedal@os-ho.kommune.no”